

## **Jo, Raudt er daudt!**

Terje Kollbotn forsvarar i Klassekampen 18.12. Raudt mot kritikken min av ønsket om regjeringsdeltaking. Han meiner eg før eg uttalte meg skulle ha lest ein masse bakgrunnsmateriale. Det treng eg ikkje. Det er nok å lese vedtaka og sjå i kva samanheng dei kjem.

Vedtaket om regjeringsdeltaking kjem i oppladinga til eit stortingsval. Det er ikkje eit prinsippvedtak for ein hypotetisk situasjon ein gong i framtida, der det ville vere mogleg med ei regjering som kunne føre ein uavhengig og sosialistisk politikk. Det er eit vedtak for Stortingsvalet 2025. Det er dette valet som skal føre Raudt inn i regjering. I ei regjering der AP trass alle dårlige målingar fortsatt vil vere storebror. Ei regjering som i all hovudsak vil styre på grunnlag av Ap sin politikk, med NATO- og EØS-medlemskap, med styrking av oljeutvinning, vindkraftutbygging, gruvedrift og oppdrett, på kostnad av naturen og primærnæringane. Det var ei slik regjering SV gikk inn i for snart 20 år sidan, og det er ei slik regjering no Raudt vil inn i. Det er realiteten, alle store ord om at denne regjeringa skal føre ein annan politikk er bare draumar og spel for galleriet.

Kollbotn vil kjempe for ein fredspolitikk. Men korleis skal ein gjøre det med eit parti som allereie er eit krigsparti. Ikkje nok med at Raudt røystar for våpen til USA sin krig mot Russland med Ukraina som offer og kanonføde, partiet røystar også for eit opprustningsforlik på Stortinget, for å styrke eit NATO som no er meir aggressivt enn nokon gong. Med tilslutninga til dette har Raudt sjølv fjerna det største hinderet for regjeringsdeltaking. Støre opnar enno ikkje døra, han vil vel først sjå kor flatt han kan få Raudt å legge seg før han slepp partiet inn i varmen. Det gjenstår bare for leiinga i Raudt å få tilpassa prinsippprogrammet til den nye politikken, så ventar det godt betalte taburettar ved Støre og Kongen sitt bord. Der Noreg fortsatt kan vere ein ivrig handlangar for verdas største militærmakt og verdas verste undertrykkar og krigshissar. No fullstendig utan opposisjon. Det er eit tungt ansvar Raudt har tatt på seg. Det er eit svik fullt på linje med det dei sosialdemokratiske partia sto for i 1914 da dei støtta kvar sine makter i å gå inn i den 1. verdskrigen. Historia vil døme dei like hardt for dette totale sviket når no Raudt går inn i den 3. verdskrigen under USA-imperialismen sine venger.

## **Er Raudt daudt?**

Terje Kollbotn [terje.kollbotn@gmail.com](mailto:terje.kollbotn@gmail.com)

I Klassekampen 9. desember har tidlegare Raudt-veljar Svein Lund eit oppsiktsvekkjande innlegg: Partiet Raudt gjorde fredag 6. desember politisk sjølv-mord! Det påståtte sjølv-mordet skjedde ved at partileiar Marie Sneve Martinussen offentleggjorde eit samrøystes vedtak i landsstyremøtet i november, med overskrifta Maktstrategi 2025. I dette vedtaket heiter det mellom anna: «Rødt jobber for å skape faktisk forandring og oppnå størst mulig politisk gjennomslag. For Rødt er endringer som kraftfullt utfordrer eneveldige kapitalaktører, EØS-avtalen og stormaktsinteressene, og flytter makt til folk flest, et grunnleggende mål. Derfor er det en forutsetning for regjeringsdeltakelse at det fører til forandring av denne type. Vår vurdering er at en avtale med et flertall til venstre for midten er mer aktuelt i kommende stortingsperiode, og at vi kan oppnå mer gjennom samarbeid fra Stortinget, i samspill med folkelig engasjement utenfra, enn det andre partier har tidligere har vist som juniorpartner i regjeringsforhandlinger bak lukkede dører».

Vedtaket inneheld og eit mål for Raudt i stortingsvalet 2025 om å bli so store og sterke at vi ikkje er til å kome utanom, og at vi vil forsvare og styrke folkestyret og dei folkevalde sin kontroll på alle plan. Det er dette vedtaket Lund kallar «det endelige sviket». Raudt har «gått over til den blå sida. For nokre regjeringstaburettar svik ein alt partiet har stått for». Dette stemmer jo ikkje, for å seie det mildt. Eg lurar verkeleg på om Lund og andre kritikarar har brydd seg med å lese

bakgrunnsdokumentet og dei samrøystes strategivedtaka i Raudt sitt landsstyre? Det er jo føresetnaden for å føre ein sakleg, radikal og framtidsretta strategidebatt. Svein Lund konkluderer slik: «For oss som enno ønsker et sosialistisk samfunn og ei rettferdig verd, ein veg ut av miljøkrisa, klimakrisa, ressurskrisa og krigspolitikken er ikkje lenger Raudt ein mogleg reiskap».

Både eg og mange andre både i og utanfor Raudt er heilt samde i desse måla. Dagen etter det påståtte sjølvordet, samla partileiinga i Raudt nærare 50 stortingskandidatar frå heile landet til strategisamling i Stortinget. Det var langt ifrå eit gravøl. Tvert imot. Gjennom heile helga var det vidareutvikling av våre politiske hovudsaker og ein raud offensiv valkampstrategi mot alle former for høgrepolitikk, for mindre classeskilnader og ein rettvis klima- og miljøpolitikk, energi- og fredspolitikk. Kjenner eg Svein Lund rett, hadde nok til og med han og andre kritikarar av landsstyrevedtaket hatt stor nytte og glede av denne inspirerande samlinga – ni månader før eit svært viktig stortingsval.

**Mens Svein Lund** vil nytte kreftene på å prøve å gravleggje Raudt og starte å byggje noko nytt, får vi andre konsentrere kreftene på å mobilisere mot alle former for høgrepolitikk – anten det dukkar opp i blå, grøn eller raud frakk – for ei ein meir rettvis og sosialistisk politikk i Norge.